



CHRISTIAN MICHELSEN RESEARCH AS
Postboks 6031
5892 BERGEN

Dato: 26.03.2018
Vår ref.: 2017/14885-9
Saksbehandlar: talhals
Dykkar ref.:

Tilsegn om tilskot til klimatiltak

Vi viser til søknaden dykkar dagsett 23.03.18. Vi er glade for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 45 000 til å planlegge havvindkonferansen Science Meets Industry Bergen. Tilskotet er ein del av Klimaplan for Hordaland 2018.

Når det kjem til havvind vedtok Fylkestinget i Hordaland 06.03.18 følgjande:

«Hordaland fylkeskommune skal i samarbeid med relevante aktørar, arbeide for å sikre statleg støtte til etablering av ein demonstrasjonspark for vindkraft i Hordaland.

Hordaland fylkeskommune er positive til etableringa av ein demonstrasjonspark i Hordaland. Basert på initiativ frå næringa, vil Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Bergen kommune og andre relevante aktørar arbeida for at eit av de to føreslåtte demonstrasjonsanlegga for havenergi vert lagt til den nye Vestlandsregionen.»

Vi ber arrangørane vurdere om temaet over er relevant for konferansen.

Utbetaling føreset innsending av signert akseptskjema innan tre veker. Tilsegna gjeld til 30.06.18.

1. Prosjektgrunnlag

Overordna mål

«Kunnskapsoverføring mellom akademisk og industri, og til andre interesserte, innanfor temaet havvind. Dette kan bidra til tettere samarbeid og ideelt sett til nye prosjektidéer.»

Resultatmål

Arrangere havvindkonferansen Science Meets Industry Bergen i september 2018.

2. Prosjektorganisering

Fylkeskommunen sin kontaktperson er Annette F. Stephansen i Christian Michelsen Research AS.

3. Vilkår for tilskotet

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjekta er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake. Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Utbetaling

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune.

Elektronisk fakturaadresse til Hordaland fylkeskommune: 9908:938626367

Aksesspunkt: *Visma*

Saksnr.: 2018/14885

Ressursnr: 20920

Meir informasjon finn de her: <http://www.hordaland.no/nn-NO/om-oss/innkjop-og-faktura/>

4. Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

5. Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Tale Halsør, e-post tale.halsor@hfk.no, telefon 922 066 75.

Fylkeskommunen ønskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sondbø
Klima- og naturressurssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Anne-Grethe Stenhjem

Vedlegg

1 Akseptskjema